



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG


Vår dato: 22.06.2023
Vår ref: 2023/9239

Dykkar dato: Dykkar ref:
2022/6168

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Dispensasjon - Alver - 81/3 - Risøy - flytebryggje og landgang

Vi viser til brev frå kommunen datert 09.06.23. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av flytebryggje med landgang på gbnr 81/3 Risøy Alver kommune. Det er hytte på eigedommen frå før av. Tiltaket har følgjande storleik: flytebryggje: 6 m x 2,5 m; landgang: 4m x 1,2 m.



Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden med planid nr 1263-200810 er definert som LNF-føremål på land og bruk og vern av sjø i sjøområde. Tiltaket kjem i konflikt med §1-8 byggjegrense mot sjøen i tillegg.


Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon frå omsyna bak føremåla området er sett av til i KPA, omsyna i føremålsparagrafen § 1-1, nasjonale eller regionale interesser, dersom desse vert sett vesentleg til side, jf. pbl. § 19-2. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Dersom vilkåra etter pbl. § 19-2 er oppfylt, så må kommunen også gjere ei separat vurdering av om dispensasjon skal tildelast for tiltaket, jf. pbl. § 19-2 første ledd.



Forvaltinga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Strandsoneforvaltinga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FNs berekraftsmål. Tiltaket fell inn under byggjeforbodet i strandsona, jf. pbl. §§ 1-6, 1-8, 19-1 og 19-2. Etter lova skal ein her særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. pbl. § 1-8.

Sjølv om det ligg ein fritidsbustad på eigedomen er ikkje strandsona privatisert. Det er i dag nesten ingen inngrep i strandsona her. Arealet er kartlagt som del av eit svært viktig friluftsområde (Lindåspollane/Lindåsosen). I områdeskildringa til friluftsområde står det mellom anna: «*Det er eit svært spesielt landskap med mange småholmar, tronge sund, straumer, holmer og øyer som gjer området flott for bruk av kajakk eller kano. Det er mange fine padleruter. Området er også marinbiologisk spesielt då det er ein eigen silestand inne i pollane.*» Arealet i sjø er også marint verneområde.



Statsforvaltaren vurderer at området har store strandsone verdiar. Tiltaket vil bidra til at området vert meir privatisert og meir bygd. Oppleving av området som eit naturområde med få inngrep vert påverka negativt. Landskapsrommet vert endra og verdiane i kartlagt friluftsområde vert negativt påverka.

Statsforvaltaren rår sterkt ifrå dispensasjon i denne saka. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Sarah Kvåle Skauen
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN